

Rundt same bord - kvinner hjelper kvinner

Festpynta bord, latter, song og input frå misjonsarbeid er viktige element på den årlege festkvelden.

Gjør som kvinneforeiningane i Nedstrand i Nord-Rogaland.. Lag en "Rundt same bord" - fest!

Kva?

- Fest annakvart år med god mat, godt program og misjon i fokus.

Kven?

- Kvinner i alle alder.

Korleis?

- Du treng eit festlokale, bordpynt, god mat, (mannlege) servitørar, informasjon om kvinnerelatert misjonsarbeid, lodd og gevinstar

- Idéen er å samle kvinner i alle alder ein mørk haustkveld - rundt festpynta bord - for å kunne vere saman, ete god mat og få informasjon om meningsfylt arbeid - kvinnerelatert sådan, som alle kan identifisere seg med, seier Janne Eide.

Latter og song er viktig

- Det er viktig å le, syngje og ha det fint saman, og samtidig kjenne at du er med og yter - akkurat som kvinnene på stevner "før i tida". To kvinneforeiningar har stått for opplegget dei tre gongane festen har blitt arrangert. Festen har gått av stabelen på lokalet "Soknatun" på Nedstrand, som har plass til ca. 60 personar.

- Festen har vore fullteikna alle gongane, fortel Janne entusiastisk. - Vi annonserer i kyrkjebladet og tar imot påmelding/ev. ventelister. Pyntinga av bordene er fordelt på fleire. Komitémedlemmane dekker kvar sitt bord med dukar, serviettar og lys etter sin smak - dermed blir det eit mangfald!

Mat, misjon og underhaldning

- Vi har satsa på god kokk (frivillig) - og har hatt både afrikansk og norsk gourmetmiddag. Inngangsprisen blir sett slik at den dekker både måltid og gjev prosjektinntekter.

- For å fortelje om misjon får vi inn ei eller fleire kvinner som har erfaring med arbeid blant kvinner (fortrinnsvis misjonærar) og er god på formidling. Vi lager songhefte og har både tradisjonelle og nye "misjonssongar", seier Janne.

- Det er og litt lett underhaldning på festen. Og så har vi åresal eller smålodd med få, men godt utvalde gevinstar!

- Vi har fått veldig bra respons på dette opplegget. Det er ein kjekk måte å samlast på - med open profil, der vi får ivaretatt både fellesskap, Gudsord og engasjement, avsluttar Janne Eide.